



Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1752 - 17/21528

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.07.2017

Løyve til frådeling av tomt 8, 10, 14 og 15 Helleåsen bustadområde - gbnr 202/3 Hjelmås

Administrativt vedtak. Saknr: 355/17

Tiltakshavar: Geir Styve
Søknadstype: Søknad om løyve til frådeling etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m

Tiltak

Eigar av gbnr. 202/3, Geir Styve, søker om frådeling av 4 parsellar frå gbnr. 202/3. Dette gjeld tomt nr. 8, 10, 14 og 15 som er sett av til bustadføremaal innanfor reguleringsplanen for Helleåsen, planid. 1263-19032007.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.06.17.

Planstatus

Parsellane ligg innanfor område omfatta av reguleringsplan Helleåsen /planid.: 1263-19032007. Plassering av parsellane går fram av godkjent plan.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttala frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Frådeling er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje komt merknad til varsla tiltak.

Plassering

Plassering av parsellane er vist på situasjonsplan mottatt 02.06.17. Frådeling skal skje i samsvar med godkjent plankart. Alle parsellane som søknaden gjeld ligg i heilskap på eigedom gbnr. 202/3.



Tilkomst, parkering, vatn og avlup (VA)

Eigedommane innanfor planområdet skal knytast til offentleg VA-anlegg.

Eigedommane innanfor planområdet skal ha tilkomst til offentleg veg via privat veg. Avkøyrsla til offentleg veg følgjer av godkjend reguleringsplan.

Det er ikkje dokumentert at parsellane som er søkt frådelt har naudsynte private rettar med omsyn til veg, vatn og avlup. Då det i dette høvet er tiltakshavar som delar frå og står oppført som kjøpar av dei aktuelle parsellane, vurderer kommunen det som tilstrekkeleg at avtale om rettighet til veg, vatn og avlup for parsellane ligg føre seinast ved oppmålingsforretning. Rettighetane skal tinglysast.

Tilkomst, vassforsyning og avlupshandtering synast sikra i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

VURDERING:

Søknaden om frådeling er i samsvar med gjeldande reguleringsplan både når det gjeld føremål og plassering.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, jf. §§ 20-2 bokstav b) og 20-1 bokstav m), vert det gjeve løyve til oppretting av tomt 8, 10, 14 og 15. Løyve til frådeling vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Grensene går fram av godkjent reguleringsplan. Nøyaktig storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**
- 2. Før det kan gjennomførast oppmålingsforretning skal det ligge føre avtale som sikrar tomt 8, 10, 14 og 15 rett til veg, vatn og avlup.**

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1752

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Styve

Hjelmåsen 37

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Geir Styve

Hjelmåsen 37

5915

HJELMÅS